

Les Misérables

© CMI 1986



PROGRAM



Kan du høyre? Folket syng!
Det er ein song frå arge menn,
Det er musikk for dei som aldri vil
ha slavekår igjen,
Når eit hjarte bankar sterkt
saman med sterke trommeslag,
er det eit teikn på vi byrjar
vår nye dag.

Etter avtale med
CAMERON MACKINTOSH (Overseas) limited
presenterer DET NORSKE TEATRET

Les Misérables

Ein musikal av Alain Boublil og
Claude-Michel Schönberg
bygd på Victor Hugo's roman.

Musikk: Claude-Michel Schönberg
Songtekster: Herbert Kretzmer
Omsett av Bjørn Endreson

Fransk originaltekst av Alain Boublil og Jean-Marc Natel
Tilleggsmateriale av James Fenton


Regimedarbeidar for Noreg: Dion McHugh
Medarbeidar: Ken Caswell
Assistent til instruktørteamet: Martin Nordal
Scenografimedarbeidar: Keith Gonzales
Lysmedarbeidar: Jeff Whitsett

Musikalsk leiing/kapellmeister: Egil Monn-Iversen
Alternierende kapellmeister: Per Åke Andersson
Musikalsk innstudering: Kari Stokke

Musikalsk tilrettelegging og orkestrering av John Cameron
Lyd: Jonathan Deans for Autograph – London
Koreografisk rådgjevar: Kate Flatt
Kostyme: Andreane Neofitou
Lysdesign: David Hersey
Scenografi: John Napier

Tillrettelagd og sett i scene av Trevor Nunn og John Caird

Skandinaviapremiere på Det Norske Teatret 17. mars 1988



Victor Hugo

Frankrikes store son

Victor Hugo vart fødd i 1802 og voks opp med konservativ mor og ein drøymande, tapper soldat av ein far, som enda som general. Barnet Hugo var mykje på reiser, følgde med på hærtoga til Napoleon. Foreldra skilde seg da han var 16. To år seinare fekk han ei gåve frå Lous XVIII for dikt han hadde skrive om mordet på kongens nevø, Duc de Berri, og fekk sidan kongeleg lønn på 3 000 franc i året. Han skreiv mykje og tente bra, fekk eit Sèvres middagsservis for eit dikt til kroninga av Karl den Tiande og vart kåra til ridddar av Æreslegionen berre 23 år gammal. Han var da gift med Adèle Foucher og hadde eit barn, det første av fire. Han var ein vanleg familiemann med solid karriere. Kanskje berre general Hugo såg varsel om endring som skulle koma. «Berre vent», skal han ha sagt. «Guten har mora sine meiningar, men mannen vil få mine».

Åra 1828–30 vart viktige i Hugos liv. Ein debatt om Napoleonske titlar sette i gang ei endring av ideane hans, men han var enno meir kjensleradikal enn politisk tenkjar. Han var inspirert av teater og vart ein leiar blant romantikarane da han hadde skrive skodespelet «Hernani». Slagmarka låg både på og utanfor scenen. Stykket vart spela hundre gonger, og aldri utan bråk og diskusjonar i salen.

På den tida møtte Hugo skodespelaren Juliette Drouet som kom til å bli elskarinna hans i dei neste 50 åra, ikkje den einaste, men visseleg den mest lojale. Ho budde aldri lengre frå han enn eit par kvartal og skreiv brev til han, minst eitt om dagen, til ho døydd.

Hugos store produktivitet heldt fram, med blant anna den mykje filma saga om Quasimodo, «Notre Dame de Paris», og kanskje det beste skodespelet hans, «Ruy Blas». Berre 30 år gammal vart han sett på som Frankrikes største diktar. I 1845 vart han adla av Louis Philippe, same året han byrja skrive på «Les Misérables».

I 1848, etter at Louis Philippe måtte gå av, vart Hugo medlem av Nasjonalforsamlinga i Den Nye Republikken. Som høgremann arbeidde han for Louis Napoleon, men vart snart skuffa over hans mål og måtar: «Vi har hatt ein stor Napoleon, og no skal vi ta til takke med ei liten Napoleon!» Han vart meir og meir talsmann for sosiale og politiske saker – utdanning, rettferd, menneskerett – og da Louis Napoleon i

1851 tok tittelen Keisar Napoleon III, var Hugo på barrikadane før han flykta frå Frankrike til Belgia, Jersey og endeleg Guernsey der han heldt fram med å skrive mot den nye Napoleon. I 1859 avviste han med forakt eit amnesti som vart bydd han. I 1861 gjorde han ferdig «Les Misérables». Det finst ei velkjend soge om at Hugo, da det første bindet kom ut, sende eit telegram til forlaget der det heilt enkelt stod: « ? »

Og svaret var: « ! »

Forlaget tente over ein halv million franc dei neste seks åra.

Det klåraste bilete av Hugo får ein kanskje ved å sjå på tida hans i eksil: «Guernsey Tribunal» spreidde vurderingar og sanningar ut over heile Europa. Det faderlege ved figuren vart forsterka av skjegget han let vekse for å verne ein skrøpeleg hals.

Visst var det minus blant dydane: Han var ærekjær, egosentrisk av og til rett og slett vond, ofte trulaus. Men han vart, trass i mykje, kjend for å vera eit stort menneske og elska for det av folk flest.


I 1870, da den katastrofale Fransk-Prøysiske krigen tvinga Napoleon III i eksil, drog Hugo i triumf heim til Paris som framleis var kringsett av prøysiske troppar, og vart vald inn i Nasjonalforsamlinga i Den Nye Republikken. I mars 1871 vart den kortliva Parisarkommunen stifta, eit revolusjonært forsøk på å setja seg imot audmjukande vilkår for fred. Victor Hugo som da var i Bryssel for å ordne opp etter sonen som døydd der, vart mobba av ein flokk belgiarar som meinte han var medskyldig i kommunens utskeiningar. Dei knuste rutene der han budde og ropte: «Ned med Victor Hugo! Ned med Valjean!» Og den belgiske regjeringa viste han ut or landet.


Han levde i 15 år til, skreiv like energisk som før – til han fekk eit lite slag i 1878. Tre år seinare sette heile Frankrike i gang med å hylle dikteren, som da gjekk i sitt åttiande år. Eit folketog drog forbi huset hans, og ein jublande flokk stod i timar under vindauga hans.

Før han døydd (i 1885), hadde Hugo sagt han ville ha ei enkel gravferd. Kista hans stod under Triumfbogen mens ei vakemesse heldt fram heile natta, gravfølget brukte seks timar da det gjekk forbi.

Victor Hugo var Frankrikes første son, og meir enn det: I mange år var han Frankrikes åndelege styrar og samvit.

28. juli 1830.
Maleri av Eugène Delacroix. 1831. Louvre, Paris.





Les Mis

– når og

Prolog. 1815. Digne.

Jean Valjean, sett fri på prøve etter 19 år i lenkjegjengen, finn at det gule fangekortet som han etter loven må vise fram overalt, dømmer han til for alltid å vera eit utskot. Berre den gode biskopen i Digne tar vel imot han. Og Valjean, som er bitter etter år med hardt slavearbeid, takkar for mat og husly med å stela sølvty. Valjean blir tatt av politi og ført tilbake til bispem, som lyg for politiet og gir Valjean to verdfulle lysestakar. Valjean går inn for å leva eit nytt og betre liv.

1823. Montreuil-Sur-Mer

Åtte år har gått, og Valjean har brote prøvelovnaden og endra namn til Monsieur Madeleine. Han har greidd å bli både fabrikk-eigar og borgarmeister i byen. Fantine, ein av arbeidarane hans, har eit barn som ingen veit om. Da dei andre fabrikkjentene får veta om det, krev dei at ho må slutte. Formannen, som ikkje har fått viljen sin med Fantine, gir ho sparken.

Desperat etter å få pengar til medisinar til den sjuke dottera sel Fantine det siste smykket ho har – og håret sitt, og går så saman med dei prostituerte og sel seg sjølv. Trøyyt og ulykkeleg kjem ho i krangel med ein herremann som vil bli kunde, og er ved å bli arrestert av politimannen Javert, da borgarmeisteren kjem og krev at Fantine blir ført til sjukehus. Han bergar så ein mann som er overkøyr av ei herrelaus kjærre, og Javert, idet han ser at kjerra blir løfta, kjem i hug dei enorme kreftene til fange nummer

25601 (Jean Valjean), ein fange på prøve som ikkje hadde halde meldeplikta og som han har leita etter i mange år – og no endeleg funne. Valjean kan ikkje sjå på at ein utan skyld skal gå i fengsel i staden for han, og han vedgår i retten at *han* er fange 25601. På sjukehuset lovar Vajejan den døyande Fantine at han skal finne og ta seg av dottera Cosette. Javert kjem for å arrestere han, men Valjean kjem seg unna.

1823. Montfermeil

Cosette har budd i fem år hos ekteparet Thénardier som driv ei kro med sengeplass. Ho blir utnytta av kropalet som brukar ho til tenestjente, skjeller og smeller, mens dei roser og deggar for eiga dotter, Eponine. Valjean finn Cosette ein sein kveld ho er ute for å hente vatn. Han betaler kropalet for å få Cosette med seg og reiser til Paris. Men Javert er framleis i hælane på han.

1932. Paris

Ni år seinare – og det er stor uro i byen fordi politikaren general Lamarque er sjuk. Han er den einaste i regjeringa som har tala for dei fattige. Gateguten, Gavroche, er der han kjenner seg heime – blant horer og tiggjarar i storbyens bakgater. Ein av bybandane er leidd av Thénardier som er etter Valjean og Cosette. Dei blir stansa av Javert som ikkje kjenner att Valjean før han har kome seg unna. Eponine, Thénardiers dotter som er hemme-



erables

kvar –

leg forelska i studenten Marius, lovar motvillig å hjelpe han med å finne Cosette, som Marius så vidt har sett, og falle for.

I ein liten kafé held ei gruppe idealistiske studentar møte og forebur revolusjonen som dei er visse på vil bryte ut om Lamarque dør. Da Gavroche kjem med bod om at generalen er død, dreg studentane, leidde av Enjolras, ut i gatene for å piske opp stemninga og verve tilhengjarar. Berre Marius tenkjer på noko anna, på underet Cosette, kjærleik ved første blikk.

Cosette sit heime og drøymmer om Marius som ho brått vart forelska i. Valjean ser at «dottera» hans endrar seg raskt, men vil ikkje seia noko om fortida. Trass i eigne kjensler fører triste Eponine Marius til Cosette, og deretter hindrar ho at faren og banden hans plyndrar heimen til Valjean. Valjean trur det er Javert og politi som hadde snike seg rundt huset, og han seier til Cosette at dei må gjera seg klare til å reise frå landet.

Rett før striden byrjar, ser Javert og studentane situasjonen med ulike auge, Cosette og Marius sørgjer over at dei kanskje må skiljast for alltid. Eponine klagar over tapet av Marius, og Valjean ser framover mot tryggleik i framandt land, mens Thénardier drøymmer om rikt bytte i det kaos han veit må koma.



Studentane byggjer barrikadar og gjer seg klare til strid. Marius ser at Eponine er kledd som gut for å vera med i opprøret, og får ho til å gå med brev til Cosette. Valjean får tak i brevet før Cosette, les det, og Eponine trassar hans gode råd og spring tilbake til barrikaden som no er ferdig. Opprørarane nektar å lyde da offiser frå hæren ber dei overgi seg – eller døy. Gavroche finn ut at Javert har vore politispion. På vegen til barrikaden blir


Eponine skoten og dør. Valjean kjem for å leite etter Marius. Han får sjansen til å avrette Javert, men let han gå fri.

Studentane slår seg ned for natta. Valjean ber Gud berge Marius frå kulene til soldatane. Morgonen kjem, og studentane har for lite ammunisjon. Gavroche spring ned for å finne meir, men blir skoten. Dei på barrikaden blir alle skotne, også leiaren Enjolras.

Valjean ber den sára og medvitslause Marius ned i kloakksystemet som går under byen. Der møter han Thenardier som driv med likplyndring, finn vegen ut av kloakken, berre for å treffe på Javert som ventar. Valjean ber om tid til å få Marius på sjukehus. Og Javert let han gå. Javerts urokkelege syn på rettferd har vore i vase sidan Valjean sparte livet hans. Han tar det no sjølv, kastar seg i Seinen.

Nokre kvinner pratar om nederlaget og dei mange døde. Marius kjem seg heime hos Cosette, men han veit ikkje kvifor han er der og kven som har berga han. Valjean fortel Marius om fortida og gir grunnen til at han må reise vekk etter bryllaupet for ikkje å øydeleggje og vanære heim og ekteskap. I bryllaupet prøver Thénardier å presse Marius for pengar. Han seier at «faren» til Cosette er morder og for å prove det, viser han fram ein ring som han stal frå «offeret» i kloakken same dagen barrikaden fall. Det er Marius sin ring, og Marius skjønar at det var Valjean som berga han den gongen. Han og Cosette går til Valjean, og ho får høyre om livet sitt før den gamle dør idet han igjen får vera samen med «åndene»: Fantine, Eponine, og alle dei unge som døydd på barrikaden.





JULIETTE FRØLICH:

BILETE

AV EIN FANTASTISK RØYNDOM



Fantastiske Paris! Fantastisk som Hoffmanns forteljingar, – fargerikt uverkeleg, med konturar der alle rette liner har måtte vike plassen for vinklar, kurver, taggar og tusen utspring. Paris i «clair-obscur», dramatisk opplyst av ei fantastisk blanding av lys og skugge, der lyset helst er måneskin, men ikkje fredeleg, stille måneskin. Måneskin, derimot, uroleg som flakkande gasslanterner, lys truga av formørking. Fantastiske Parisnetter, der skuggane synest å vekke til liv former og vesen som sprunge ut av lyst og angst i fantasien . . .

For å seie det meire nøkternt: *Les Misérables*, denne mammutromanen, består ikkje berre av ei rad spennande, eventyrlege historier. Den er også ei storslagen, fascinerande biletbok, der kvart bilete er eit resultat av romantikken sin estetikk og sans for store effektar. Sjølv sagt er det slik, i og med at Victor Hugo også er den framstående dramaturgen og store teaterteoretikaren i romantikken. På kvar av sine meir enn 1 500 sider levandejer romanen det romantiske teaterideal, både i måten handlinga er framstilt på og i val av dekor og scenografiske uttrykk. Hovedmotivet i denne biletboka er dei elendige sin by, Paris.

Her er ingen glansbilete. Sjeldan skimtar ein i bakgrunnen dei kjende turist-attraksjonane. Med unntak av nokre få scener som blitt spela i parken til aristokratiet, le Jardin du Luxembourg, – Cosette sitt møte med Marius og kjærleiken, og episoden der to svoltne og etterlatne små «misérables» fiskar opp av dammen ei kveitekake som eit anna, mett barn ville overlate til svanene, – spelar handlinga seg ut i eit for turistane ukjent Paris: i eit ingenmannsland ved ringmuren som sidan blei borte, der slummen frå den tida breidde seg ut, – i forstadene, som den gongen enno var små, sjølvstendige landsbyar, før dei blei oppslukte av den altetande storbyen, – i gatemyldret langs Seinen, der gatestumpar er blindveggar

om dagen og om natta farlege feller . . . Det Paris vi kjenner, med dei velkjende silhuetane av kyrkjer og storslagne bygningar, er så å seie viska ut. Fengseltårn, slaktehus og kuplane på sinnsjukeasylo og militærslaktehusa i byen kastar skuggane sine over dei stadene der Jean Valjean blir jaga og kjel-

tringar ferdast, der tilflukta kan vere i ei open grav på kyrkjegarden og redninga kan vere i «byens buk», kloakkane.

Hugos Paris er ein by med fleire lag. Forteljaren framstiller sitt Paris som eit bilete på samfunnet. Ein stad i boka heiter det slik: «Alle menneskets samfunn har det som man med en vending fra teaterspråket kan kalle et «tredje undergulf». Et skrekkelig sted. Det er mørkets hule, de blindes kjeller, underverden.» Ei underverd i bokstaveleg forstand. Når ein prøver å setje saman til eitt bilete dei ulike Paris-skildringane i romanen, stig byen fram som eit byggverk tydeleg likt dei spøkjelsehusa vi finn på Hugo sine eigne teikningar og illustrasjonar, fantastiske byggverk i svart tusj og med fundament støypt langt nede i ein mørk og trugande avgrunn. Men Paris liknar også eit Babelstårn og er samstundes ein romantisk versjon av Dantes Inferno, der meir og meir djuptgåande krinsar skruer seg som ein kjempespiral ned i mørkret. «Skyggen er samfunnets eneste trussel», skriv Hugo i *Les Misérables*. Trivsel på godt og vondt. Dei mørke kreftene har sitt utspring i det sosiale elende, «la misère», den som nettopp er rota til moralsk elende. Men ut frå dette riket i mørkret blir ikkje berre dei dunkle øydeleggingsmaktene fødte.

«Her, i minegangenens dypeste dyp, under elendighetens Paris, det som så lett forsvinner under prakten av det rike lykkelige Paris, der kan man høre som en vedvarende knurring folkets røst. En skrekkelig og hellig røst, sammensatt av dyrets murring og Guds ord, som skremmer de svake og advarer de vise, som kommer fra dypet som løvens røst og ovenfra som torden . . .»

Urovekkande Paris, og samstundes fascinerande. Hugos Paris i *Les Misérables*. Fantastisk, med eit ord.

Men lat oss bla litt i biletboka og sjå nærare på nokre av bileta: Det første Parisartabla er frå slumstrøka i periferien av byen, like under ringmuren, der dei elendige held til, og der Jean Valjean slår seg ned når han kjem til byen saman med Cosette. Og slik vert området presentert:

«Den enslige vandringsmannen som for førti år siden våget seg inn i de avsides strøkene omkring la Salpêrière og som gikk bortover boulevarden så langt som til Italiaporten, kom til steder der en kunne si at Paris sluttet. Der var det ikke øde, for folk ferdedes der. Det var ikke på landet, for der var både hus og gater; det var ikke noen by, for gatene hadde dype hjulspor som på landeveiene, og gressgrodde var de; det var ikke noen landsby, husene var for høye til det. Hva var det da? Det var et bosted der det ikke bodde noen, der var en ørken der noen ferdedes, det var en boulevard i den store byen, en Parisgate villere om natten enn en skog, tristere om dagen enn en kirkegård.»

Her like ved den gamle rettarstaden, Place

de Grève, som i Hugo si tid sjølv sagt enno var i bruk, ferdast dei bortgløymde og dei som vil gløymast. Staden, slik den er skildra, er skremmeleg, særleg om natta, når vinden jagar haustlauvet og månen stadig vert formørka av skyer på flukt, når tiggara er forsvunne, medan bandittane regjerer,



når overfall og snikmord trugar . . .

Like bak ringmuren er ein brått på «landet», utan overgang. Eit slags nedstøva landskap, flatt og sterilt, nokre fattigslege jorde. Her held dei elendige sine barn til, bandar av fillete ungar, som her lærer livsens kår som omstreifarar og lever «fritt fram», og til tider lykkelege, trass i elende. Ein av dei må vere Gavroche, gateguten med den gode latteren og den glade stemmen, med den ubøyelege livsgleda og det stolte heltemotet. Når Gavroche i boka vert «far» for ei kort stund og tek til seg to andre omflakkande barn, teiknar han for dei alle dei gleder som ventar i det pulserande folkelivet i byen for alle ungar som ikkje har noko anna mor enn «Mor Paris»:

«Om sommeren går vi tur i gaten med de mange ishus, og så bader vi ved elvekaien og løper splitter nakne på vogntogene ved Austerlitzbroen, og det får vaskekonene til å bli rasende. De skriker og raser, dere kan tro det er moro. Dere skal også være med på teater. Jeg får billetter, jeg kjenner mange av skuespillerne, jeg har selv spilt med i et stykke engang. Vi var en hel haug med unger som hoppet under et teppe, det skulle være havet. Jeg skal nok skaffe dere plass på mitt teater. Og vi skal gå i Operaen. Vi går inn sammen med de som får betalt for å klappe . . . Og en annen gang skal vi se på halshugning. Jeg skal la dere få se bøddelen. Han bor i Maraisgaten, Sanson. Vi skal møre oss kongelig.

Men dagen etter blir barna borte for Gavroche, «enten nå en politibetjent hadde tatt dem med, eller de var stjålet av noen markedsjøglerere eller de ganske enkelt hadde forvillet seg i det kjempemessige Pariservirvar».

I hjartet av Parisarlabyrinten, nær dei gamle hallane, som er borte i våre dagar, blir barrikadane reiste, der mange lagnader i *Les Misérables* får kurs. Slik såg gata ut:

«Gaten var smal og rennestenen bred, og fotgjengerne gikk alltid på våte brosten, forbi butikker som lignet kjellere, store hjørnестener med jernringer rundt, høye søppelhauger og gangdører med eldgamle gitter. Når en fra Saint-Denisgaten kom inn i Chanvreriegaten, snevret den seg mere og mere sammen som om en hadde kommet inn i en lang trakt.»

Og slik skildrar forteljaren i romanen den siste, desperate kampen:

«Så brøt det på denne brostenshaugen ut en kamp verdig en av Trojas murer. Disse bleke, fillete menn som ikke hadde sovet, som ikke hadde mere enn noen få skudd igjen å fyre, som rotet i tomme lommer etter patroner, nesten alle såret, med hodet eller armer forbundet med gamle, svarte linfiller, med klærne fulle av hull der blodet rant ut, slett væpnet med dårlige geværer og sløve sabler, – nå ble de til titaner.»

Og så ser det ut som om metaforen «titaner» så å seie tek skildringa i si eiga hand, for det som følger er ein storslagen visjon, der klisjéuttrykket «i kampens glød» blir omskapt til eit glødande bilete av mytiske dimensjonar:

«Det var ikke en strid, det var likt det indre av en kjempestor ovn; munnene åndet ut flammer; ansiktene var underlig fremmedartete, ikke noe lignet menneskeskikkelser, de som kjempet der flammene, og det var fryktelig å se disse kampens ildånder tumle seg i den røde røyken.»

Frå eld til vatn, det er Jean Valjeans einaste utveg. Med den blødande Marius på skuldrene sine flyktar han frå barrikadane ned i kloakkane. Slik blir ein ny, fantastisk røyn-dom opna, med nye fantastiske redsler. Og Hugo, veltar bokstaveleg tala, helten sin

rundt i søle, avfallsvatn og stank, let han til og med nesten drukne i møkk. Men også i denne episoden tek til slutt det visjonære blikket hans over, slik at Jean Valjeans ferd gjennom kloakkane og kampen hans i vatnet ikkje berre får spenningskurva til å stige, men også blir til eit bilete på mennesket og syndfloda, på trusselen om overmakta til det vonde og på sigeren til nestekjærleiken:

«Vannet nådde ham til armhulene; han følte at han sank; det var så vidt han kunne røre seg i den dype sølen. Han holdt hele tiden Marius oppe, og med et utrolig krafttak trengte han fremover; men han sank. Han hadde bare hodet over vannet, og armene som løftet Marius. Det finnes på gamle malerier av syndfloden en mor som holder barnet sitt slik.»

Når spenningsfylte, realistiske scener blir tekne hand om av Hugos visjonære blikk og patetiske røyst, når eld og vatn, frå å vere konkrete dødstruslar, blir til mytiske figurar, då kan det skje, i *Les Misérables*, at elementa ikkje er motsetningar lenger, men like i sin gru. I slike augneblink verkar det rett å bruke flammende metaforar i avfallsvatnet sitt rike, som når Jean Valjean, i redningsaugneblinken, da han skimtar lys i enden av kloakktunnelen, blir skildra som «en fordømt sjel som midt i flammehavet plutselig får se en utgang fra helvetes-pølen ...»

Biletboka *Les Misérables* lukkar seg først når freden har lagt seg over handlinga og over Paris. Det aller siste biletet syner ein gravstein utan namn på kyrkjegarden le Père Lachaise. Det verkar rett, i samsvar med problematikken i romanen, at det siste Parisarbiletet er frå dei døde sin by, og, innanfor denne by i byen, frå den delen der dei fattige blei gravlagde. Jean Valjean ville i døden tilbake til «les misérables». Det verkar også rett at gravsteinen til Jean Valjean ikkje har noko namn. Han ville ikkje vere

ein av dei mange. Det kjennest godt at dette siste Parisarbiletet er lågmælt og gripande poesi. Biletet av grava «I en ensom krok langs en gammel mur under et stort takstre, overgrodd av gress og mose, omvundet av blåklokkeblomster» er eit bilete av fredeleg, vakker resignasjon. Eit slikt bilete synest å vere den einaste meningsfulle slutten på ei historie som eigentleg ingen ende har, historia om «la misère». Og biletet er kanskje heller ikkje meint å markere ein slutt, men heller ein opptakt til enda ein start. Det synest som om denne gravsteinen utan namn og utan innskrift, meisl i stein, peikar framover igjen, eller attende, om ein heller vil, til første sida i romanen. Der, ved inngangsporten, ber nemleg *Les Misérables* ei eiga innskrift. Dei få setningane i føreordet er ikkje berre ei programerklæring. Dei er forma som ei gravskrift, så høgtideleg og mektig, og samstundes så bedande og audmjuk at dei pregar alle dei eventyrlege historiene som blir fortalde og alle dei fantastiske bileta som blir måla og gir dei kanskje eit snev av ævc ... Høyr her:

«Så lenge det vil eksistere en sosial for-dømmelse, som støttet på våre lover og vedtatte skikker kan skape kunstige hel-veter på jorden midt i vår sivilisasjon, så lenge et rent menneskelig forsyn kan gripe inn og forstyrre skjebnens gang som er Guds verk, – så lenge de tre store problemene i vårt århundre ikke er løst: Mannens fornedrelse i proletariatet, kvinnens nedverdigelse gjennom sult og nød, forkrøbling av barnet i skyggen på samfunnets nattdside, og så lenge det er mulig mange steder å kvele mennesker sosialt, – med andre ord og i enda videre forstand: Så lenge her finnes utvitenhet og elendighet, kan det aldri være forgjeves å skrive bøker som denne.»

Utdraga frå boka er omsett frå fransk av Inge Debes.










SCENER OG SONGAR

Prolog	Ensemblet
Aleine	Valjean
Når ein dag er forbi	Arbeidslause og fabrikkarbeidarar
Fantine drøymmer	Fantine
Lekre Jenter	Jenter og klientar
Kven er eg	Valjean
Fantine døyr	Fantine og Valjean
Villan sky	Vesle Cosette
Konge på ei kro	Thénardier, kona og gjester
Svikarvalsens	Thénardier, kona og Valjean
Tiggarane	Gavroche og tig- garar
Stjerner	Javert
Kafe ABC	Enjolras, Marius og studentar
Folket syng	Enjolras, stu- dentar, folket
For eit syn	Cosette, Valjean,
Ein hug full av elsk	Cosette, Marius og Eponine
Ein dag til	Ensemblet

pause

Berre eg	Eponine
Regn	Eponine og Marius
Drikk med meg	Grantaire, stu- dentar og kvinner
Ta han heim	Valjean
Kloakken	Thénardier
Javert døyr	Javert
Dei som vart att	Kvinner
Tomme bord og tomme stolar	Marius
Bryllaupet	Gjester
Røvarar på fest	M. og Mme. Thé- nardier
Finale	Ensemblet





CAMERON MACKINTOSH

(produsent)

Cameron Mackintosh har produsert nærare 200 produksjonar over heile verda. Forutan LES MISÉRABLES står han som produsent også for CATS, FOLLIES, LITTLE SHOP OF HORRORS, SONG & DANCE og THE PHANTOM OF THE OPERA. Neste år kjem han til å produsere ein ny musikal; MISS SAIGON, skriven av forfattarane til LES MISÉRABLES.



ALAIN BOUBLIL


(idé, manuskript og originale songtekster)

Alain Boublil fekk, saman med komponisten Claude-Michel Schönberg, to New York Tony Awards i 1987 for Broadway-produksjonen av Les Misérables; for beste musikk og beste manuskript. Han samarbeidde første gong med Claude-Michel Schönberg i 1973 i produksjonen «La Revolution Francaise». Dobbeltalbumet med musikken blei seld i meir enn 350 000, og stykket blei spela for store folkemengder i Palais des Sports som den første franske rockoperaen. I 1978 samarbeidde dei to om Les Misérables, eit prosjekt som tok to år. Plata, samprodusert av Alain og Claude-Michel, selde meir enn 260 000 eksemplar før sceneoppsetjinga fekk premiere på Palais des Sports i september 1980. I 1983 tok Alain Boublil første steget inn i Londons musikkteaterverd med ABBACADABRA på The Lyric Hammer-smith, medan han samstundes arbeidde nært saman med instruktørane og forfattarane i omarbeidinga av Les Misérables til engelsk. Han var medprodusent på albumet frå London-oppsetjinga, som nettopp fekk gullplate, og på albumet frå Broadway-oppsetjinga. Alain Boublil har vore med ved rolletildelinga ved både dei amerikanske, den japanske og den australske oppsetjinga. Han arbeider no, saman med Claude-Michel Schönberg, med å gjere ferdig sin nye musikal; MISS SAIGON.

CLAUDE-MICHEL SCHÖNBERG

(komponist)

Claude-Michel Schönberg, ein suksessrik plateprodusent og låtskrivar, starta samarbeidet med Alain Boublil i 1973 med musikken til «La Revolution Francaise». Han spela sjølv Louis XVI med stor suksess og var medprodusent på albumet som fekk dobbelt gull for godt sal. I 1974 spela han inn ei plate med egne tekster og musikk, mellom anna «Le Premier Pas» som blei ein stor slager i Frankrike. I 1980, etter ti månaders arbeid med musikken, blei Les Misérables sett i scene i Paris og sett av meir enn ein og ein halv million menneske. Han arbeidar no saman med Alain Boublil om MISS SAIGON.



HERBERT KRETZMER

(songtekster)

Herbert Kretzmer kom til London frå Sør-Afrika i 1954. Her har han arbeidd sidan som tekstforfattar og journalist. I ulike aviser har han arbeidd som teaterkritikar og fjernsynskritikar, og han har fått to nasjonale presseprisar for sitt arbeid. Som tekstforfattar har han skrive songar for BBC. Han fekk Ivor Novello-prisen for ein song til Peter Sellers/Sophia Loren komedien «Goodness Gracious Me». Han vann også prisar for tekstane til to av Charles Aznavours slagerar. Herbert Kretzmer skreiv manus og songtekster til musikalen «Our Man Chriton», og songtekster til Anthony Newlays musikal «Can Hieronymous Merkin Ever Forget Mercy Humppe And Find True Happiness.?»

Kretzmer fekk, saman med Boublil og Schönberg, 1987 Tony Award for beste manuskript for Les Misérables.

Les Mis

På scenen:

Jean Valjean
Javert, ein politimann

Biskopen av Digne
Fantine
Formannen
Bamatabois
Feuchlevent

Vesle Cosette

Herr Thénardier
Madame Thénardier
Vesle Eponine

Gavroche

Eponine
Cosette

Montparnasse
Babet
Brujon
Claquesous

Enjolras
Marius
Combeferre
Feuilly
Courfeyrac
Joly
Grantaire
Lesgles
Jean Prouvaire

Offiser (utanfor scenen)

Horer, tiggjarar

Lenkegjengen, tiggjarar, fabrikk-
arbeidarar, vaktmenn, konstablar,
drankarar, sjøfolk, hallikar,
bryllaupsgjester
Fattigfolk, fabrikkarbeidarar,
drankarar, bryllaupsgjester

Innstudering av enkeltroller:

Javert
Biskopen av Digne
Fantine
Formannen
Herr Thénardier
Madame Thénardier
Eponine
Cosette
Enjolras
Marius

Innstudering av ensembleroller:

Anne Lise Gjøl, Ellen Nikolaysen, Ståle Ytterli og Nils Harald Sodal

Øystein Wiik
Paul Åge Johannessen

Magne Lindholm
Kari Gjerum
Trond Pedersen
Åsteik Engmark
Nils Bernt Olsen

Mira C. B. Rui/Benedikte Kruse/
Jannecke Øinæs

Øivind Blunck
Britt Elisabeth Haagensli
Sharon Rødner/Mirejam Shala/
Angelique Mellouk
Rasmus Høgset/Andreas Dahlen/
Ruben Rødner
Guri Schanke
Liv Ragnhild Sømme

Nils Harald Sodal
Per Arne Skar
Svein Greger
Nils Bernt Olsen

Amund Enger
Yngve Gåsøy
Trond Pedersen
Per Anstein Solberg
Geir Arne Ebbestad
Terje Bjørnvold
Åsteik Engmark
Magne Lindholm
Tor Sighjørnsen


Svein Greger

Nina Askeland,
Kjersti Berge,
Ingeborg Hungnes,
Marit Kolbræk,
Karin Lunden,
Anne Line Møller,
Mami Nøddelund
Aina Oldeide.

Mannfolka

Jentene

Magne Lindholm
Sigve Bøe
Aina Oldeide
Per Arne Skar
Sigve Bøe
Marit Kolbræk
Anne Line Møller
Gro Siri Johansen
Per Anstein Solberg
Nils Harald Sodal



érables

© CMI 1986

I Orkestret:

Fløyte/Piccolo
Obo/Engelsk horn
Klarinett/Alt Sax

Trompet/Piccolotrompet/Flygelhorn

Basstrombone
Waldhorn

Fiolin

Cello

Syntesizer

Gitar

Bass

Slagverk

Maske og parykkar
Assisterande Kapellmeister
Repetitører

Inspisient
Rekvisitører
Suffli
Lysmeistrar
Lydteknikk
Scenemeistrar
Scenesjef

Lotte Havnevik/Mia Göran
Inga Eeg Henriksen/Ingrid Uddu
Rolf Malm/Erling Bøhn

Kåre M. Hagen/Bernt Anker Steen
Bernt Anker Steen/Knut Aarsand
Jens Wendelboe/Steffen Stokland
Odd Ulleberg
Kjell Erik Arnesen
Konsertmeister Sigmund Jaang/Odd
Hannisdal
Tore Hovland/Alf Årdal
Nora Skreien/Agnes Hoffart
Harald Skogrand/Per Stenseth
Trond Brandal/Elin Fainberg

Christine Bugjerde/Ole Morten Gimle
Ingrid Stensland/Hilde Sponberg

Svenn Erik Kristoffersen
Helge Iberg
(Ståle Sletner)

Svein Johann Ose/Steinar Larsen

Per Løberg

Gunnar Aas
Morten Belstad/Gunnar Berg-Nilsen

Barbro H. Haugen
Jens Wendelboe
Svenn Erik Kristoffersen/Helge Iberg/
Ståle Sletner
Per Berg-Nilsen/Marit Grindvold
Finn Kirkeby/Åse Berit Litleskare
Sygne Teigen/Lars Kolstad
Per Chr Thomassen/Terje Wolmer
Vidar Eggen
Stein Boberg/Jan Irgens
Jim Fainberg

Kostyma til dei mannlege hovudrollene
og «Bryllaupsscenen», og uniformene,
er laga ved Bermans & Nathans Ltd, London.

Vi takkar Narud Yamaha som har levert Keyboards.

Program:

Utgjevar:
Redaksjon:
Foto frå framsyninga:
Kostymeteikningar:

Det Norske Teatret
Kirsten Broch, Rune Trondsen
Michael Le Poer Trench
Andreane Neofitou

Design:
Trykk:

OsloMagasinet/Reidar Gudmundsen
080.34 Tofters trykkeri ab

Trass i at *Les Misérables* i dag er ein klassikar som blir lesen av fagstudentar og finpløgd av intellektuelle, er boka eigentleg ein roman for folk flest.

Den første utgåva kom ut hos belgiske Lacroix, som måtte låne 30 000 franc, ein kolossal sum dengongen, for å betale dikteren. Lacroix tente dei neste seks åra 500 000 franc etter at gjelda var betalt! Victor Hugo hadde lenge lova den gode vennen Jules Hetzel at han skulle få gi ut boka, men kom kanskje til at vennen mangla motet som skulle til for å ta ansvaret for eit slikt kontroversielt verk. Da boka fort vart ein stor suksess, overtalte Hetzel Lacroix til å gå saman med seg og laga ein populærversjon (1865) – noko som alt hadde vore gjort med Balzacs romanar og med tidlegare verk av Hugo. Og han fekk Gustave Brion til å laga teikningar. Om enn måten hans var litt gammaldags, skapte han den rette røffe atmosfæren for dei som las bøker i Det Andre Keisardømet, litt affektet, litt sukkersøt i streken. Men over 300 000 vart selde av denne folkeutgåva.

Boka vart slakta av dei litterære brørne Goncourt: ...mangelen på førstehands kjennskap er overalt pinleg til stades. ... Hugo har ikkje bygd romanen på det verkelege, men skapt situasjonar og personar som berre verkar verkelege. Diktaren minner om visse britiske preikemenn som går rundt og plagar dei som går «søndagstur i parken». Kva ein enn tykkjer om dei litterære pavane, må ein vedgå at Hetzel hadde rett da han meinte Brion var rette mannen til å teikne dei klåre, sterke profilane i *Les Misérables*. Det han teikna, gjorde at boka vart meir levande for den vanlege franske kvinne og mann.

Filmfolk har på langt nær vore så flinke. Produsentar i nær sagt alle land der film blir laga, har ein eller annan gong prøvd seg på klassikaren. Mange forsøk har ikkje kome nærmare publikum enn golvet i klipperomet. Det rette talet på filmversjonar av *Les Misérables* ligg ein stad mellom det offisielle 20 og det uoffisielle 51!

Dei utanlandske instruktørane som fekk verket vist på kino, fann aldri noka god omsetjing av den franske tittelen. Hugos første utkast til romanen kalla han ganske enkelt «Misères». Tolv år seinare vart det ferdige manuskriptet kalla *Les Misérables*. Misères kan tyde elende, ulykke, uslaste fattigdom, men Hugos menneske er ikkje berre fattige og elendige, dei er også avvikarar, opprørarar, dei utilpassa i samfunnet. Namet på ei av dei beste forteljingane som finst, bør ikkje bli omsett, kan eigentleg aldri bli det. *Les Misérables* får stå som det er – med dei tankar og bilete som måte syne seg i lesarens fantasi.

Trass i problemet med tittelen har *Les Misérables* alltid vore ei utfordring for filmprodusentane. Kvar og ein av dei – frå stumfilmversjonen i USA 1909 til Robert Hosseins TV-spel 1982, har sett på *sin* versjon som den rette og endelege.

Den franske 1913-produksjonen var på 12 rullar. Pianisten må ha vore heilt utkøyrd kvar gong «Fin» viste seg på lerretet! I 1918 gjorde amerikanarane eit nytt forsøk – med William Farnum, George Moss og ein med kunstnarnamnet Kittens i hovudrollene. Forsøket var visst like interessant som den britiske arkivfilmen frå 1922. Master Films hadde planar om ein serie «Spennande Timar med Store Diktarar». Ein kan berre gisse at den første rullen vart så skakande at dei ikkje orka å halde fram.

Franskmennene har aldri hatt skruplar når det gjeld å gi slakke taumar til Victor Hugos dramatiske historier. I 1925 filma

«Den boka kan bli ein strålande musikal»

Alfred Hitchcock

Henri Fescourt *Les Misérables*. Resultat: 32 rullar vist på to kveldar. Det gjekk ord om at filmen var makulert, men no nyleg vart delar av dette spesielle bilete av Paris i det 19. hundreåret funne i Paris. For dei fleste franske filminteresserte er Raymond Bernards 1934-versjon like viktig som «Birth of a Nation» er for amerikanarane. Henri Baur spela Valjean og Charles Vanel Javert. Denne versjonen kosta 150 000 pund, og da han vart vist uklipt på TV i 1977, skreiv ein fransk kritiker at filmen var «ein perfekt adaptasjon...» Raymond Bernard har ført Victor Hugos store romantiske og sosiale vemod over til lerretet.

For ikkje å bli tapt bak vogna kom amerikanarane året etter med enda ei tolking av Hugos klassikar. (20th Century Fox). Frederic March var Valjean og Charles Laughton ein uhyggeleg Javert – med alle dei nyansar berre han kunne tilføre ei rolle som så mange hadde gjort før han. The New York Post kalla filmen «eit storarta kjempeløft, spennande, gripande sterkt». The New York World Telegram skreiv at filmen «måtte bli sett på same hylle som dei største i filmhistoria».

Om ikkje italienarane kunne koma opp på sida av March og Laughton, manglar dei ikkje entusiasme. Berre rekvisittlista er lesing som tar på! Valentina Cortesa og Gino Servi spela, saman med fleire tusen statistar. Ingenting vart spart når det galdt å laga realismen. Det vart ikkje brukt dokker i dei svære kampscenane, ikkje eingong der opprørarane fekk kleda i brann. Til gatestridene fekk instruktøren Riccardo Freda den gode ideen å bruke arbeidarar saman med studentane, valde dei som var misnøgde med styresmaktene. Stridene var så realistiske at 65 vart alvorleg såra. Filminga tok fire månader, og fagfolk av alle slag vart tilsett – smedar og skomakarar. Det vart brukt 1 200 par skor, 400 par støvlar, 300 par treskor, 400 hestar stod på stallen, kvar dag åt 4 000 på spesielle restaurantar. Dei 132 roller med replikkar brukte 500 kostyme og 200 parykkar. Gino Servi hadde 15 kostyme og Valentina Cortesa 18 kostyme og 9 parykkar i dobbeltrolla som Cosette og Fantine. For den italienske skodespelaren var *Les Misérables* vendepunktet i karrieren hennar. Ho spela så bra, fekk så god kritikk at ho vart internasjonal stjerne, fekk 7-års kontrakt i Hollywood. Den italienske instruktøren fortener òg ein klapp på skuldra. Italia hadde vore gjennom sju forsøk på å fange inn på film Hugos soge på ein overtydande måte. Fredas versjon er den einaste som er verd å bli nemnd i historieboekene. Den japanske versjonen, laga i 1950 av Mit-suo Makino, var kanskje litt for austersk for ein Hugo-elskar, og soga om Iwakichi som vart jaga av Kumagi mens han tok seg av barnet til Okino, kunne vel verke litt falma for japanarane jamført med stor-skrytande Samuraiaar.



Den neste i filmarkivet er fransk. *Les Misérables* 1956 med Jean Gabin som ein strålande og sterk Valjean, stødd av gode franske skodespelarar, Bernard Blier, Daniela

Delorme, Serge Reggiani, Fernand Ledoux, og den eineståande Bourvil. Trist at amerikanarane fire år tidlegare hadde brukt over 150 000 dollar berre på kulissane i ein film som fekk dei fleste kritikarane til å hyla av misnøye! Det var igjen 20th Century Fox som produserte med Michael Rennie og Robert Newton som den jaga og jegeren. The News Chronicle noterte med skadefryd at Michael Rennie hadde stoppa brystkasse og Newton stoppa vom. Og kritikaren heldt fram: ... det kryr med grufulle scenar, ikkje minst der Debra Paget opptrer med utsnitt frå Romeo og Julie. Thaliamanen frå The Evening Standard spydde uviljen ut over gamle Robert Newton som «... trippar over lerretet med posar under auga, feit lik ein pensjonert kongedemon og snurrar usynleg bart før kvar einaste replikk». Og der Javert kjem ut frå kloakken under Paris, er han skitten og trist og lagar ei latterleg oppvising som ikkje ville ha skremt småungar ein gong. ... dei blir sikert meir fælne når det får sjå Michael Rennie som galleislave der han med dårleg parykk og tunge bråkande lenkjer kjem til syne lik «Monsteret frå ei Anna Verd».

Eit grueleg mistak til 150 000 dollar! Som vi sa, har kvar einaste filmskapar gått svært langt for å få godtatt sin versjon av Hugos meisterverk. No er det fjernsynets tur til å finansiere verdas mest fotograferte soge. England har laga to TV-spel, Frankrike to, Amerika eit. Det siste vart ei sann katastrofe. Richard Jordan og Anthony Perkins var umoglege i dei mannlege hovudrollene. Dei dårlege og mindre rollene vart spela av britiske stjerner som Sir John Gielgud, Dame Flora Robson, Ian Holm og Cyril Cusack. Dei stal alle scener dei var med i.

Kvar er det ved *Les Misérables* som har gitt filmfolk slik ei tru på verket? Romanen er alle tiders bestseljar. 24 timar etter første utgåve kom ut i Paris, var opplaget på 7 000 selt. Boka kom ut samstundes i Paris, London, Madrid, Rotterdam, Leipzig, Budapest, Warszawa, Rio de Janeiro og vart omsett til nesten alle språk. I Storbritannia kjøper folk i dag 50 000 eksemplar i året. Boka vart godtatt av alle geistlege og alle kyrkje-lydar med det same ho kom ut. I Nederland las prestane frå *Les Misérables* på preikestolen fordi ho hadde i seg det dei kalla «folkets evangelium». I den amerikanske borgarkrigen hadde soldatar både frå nord og sør boka i ryggsekken. Dei frå sør kalla seg til og med «Lee's Misérables». Swinburne sa det var «det største episke og dramatiske skjønnlitterære verk som nokosinne er funne på og fullført. Robert Louis Stevenson uttalte at det var kjenslesterkt, fylt med sanning og høg veltale. Kva for ein filmprodusent – med eine auge til billettluke – kunne vel stå imot eit slikt populært leseverk?

Tru det eller ei, Hugos meisterstykket av samfunnshistorie var inspirasjon både for «The Fugitive» og «Kung Fu». Alfred Hitchcock var ein som var temmeleg viss når han fann eit emne som var godt stoff. Om Hugos klassikar sa han ein kveld til ein venn: «Den boka kan bli ein strålande musikal».





I OPPHAVET VAR ORDET

KVAR HAR DET VORTE AV?

Dei mange titusen som opplevde «Cats» på Det Norske Teatret og ikkje var høyrskadde kunne ein og annan gong skilja noko som til forveksling likna på ord fra scenen. Det var ord. Norske ord, som ikkje var mjauing (fåfengd helsing frå T.S. Elliot.)

– Det hender dessverre i moderne teater at Ordet, som alt er bygt på same korleis ein snur og vender på det, står i fare for å lide drukningsdøden i eit osean av andre effektar.

Seier Bjørn Endreson, som stod for den norske katte-teksten – og har arbeidd med den norske teksten til «Les Misérables» gjennom eitt år.

– Det er vel ei avspegling av vår ordfattige, biletflimrande tid, då ikkje eingong ordmediet framfor alle, radioen, har tillit til at folk kan halde ut å høyre eit verbalprogram lenger enn 4½ minutt utan ein isprengd «låt». Det verste er, at turar vi fram på denne måten med Ordet, får radioen før eller sidan rett. Vi får trøyste oss med Den Norske Pendelen. Den har som kjent ein tendens til å dingle fortare i større boge, med lengre amplitude, fra det eine utpunkt til det motsette, enn andre pendlar det kunne ha vore naturleg å samanlikne med. Det kjem nok ein renessanse for ordet – og togn, tausheten om du vil ha eit lengre ord. Togna, pausen, er ein viktig del av språket – og teaterspråket.

– A propos togn og taushet: du sjonglerer like trygt på og med både nynorsk og bokmål?

– Det skulle vera sjølvsagt for alle som har med teatertekster å gjera her i landet. Dessuten bør vi kjenne mange variantar innanfor kvart av dei to mål. Samanlagt og kvar for seg har vi rike språklege instrument å spela på, med ei enorm variasjonsbreidd innanfor kvart av språka. Dei som blæs seg opp om vårt fattige norske språk, vekker berre mistru i meg. Det burde snart gå opp for dei at dei fortel meir om seg sjølve enn om våre fremste kulturelle reiskapar.

Nynorsk-grunnlaget har eg frå Rogaland, der eg ettar frå. Eg er fødd og oppvaksen i Bærum, på Furu gard.

– Er det ikkje problematisk med utan-

landske instruktørar, om dei er aldri så briljante, som ikkje forstår den norske teksten?

– Det er freistande å seia at det er verre når nordmenn ikkje forstår norsk. Verst er det med dei som til og med *skryter* av at det finst ord dei ikkje forstår. Det er kanskje den verste form for provinsialisme.

For at dei scene-ansvarlege for denne oppsetjinga skal vera heilt trygge på kva som blir sagt og sunge, har eg omsett så å seia i revers: heile den norske omsetjinga «tilbake» til engelsk.

Bjørn Endreson er perfeksjonist. Han gjev seg ikkje før teksten ligg som han skal i munnen på aktørane – og kjem ut som han skal.

– Å overføre innhaldet og rytmen er viktig nok, og sjølvsagt. Like viktig er det t. d. at vokalane er dei rette. Ein serie i'ar i ein strofe er lite songlege; det hjelper ikkje då om teksten er aldri så korrekt. Songen styrar.

Berre for Det Norske Teatret, der Bjørn Endreson er kunstnarleg rådgjevar, har han omsett og gjendikta meir enn tjue stykke, ekstremt ulike: som Jacques Brel, Mrozek's «Ambassadøren», «Piaf», Peter Shaffers «Equus» og Ibsens «Brand», ein av mange store singlar for iscenesetjaren Bjørn Endreson òg.

Men den som dominerer på lista, er Samuel Beckett. Det torer vera kjent for alle teaterinteresserte at Bjørn Endreson er Becketts fremste talsmann i Noreg, mannen som har greidd det meisterstykket å gjera denne – å sjå til – heilsvarte dramatikaren populær her i landet. Så instisterer han då òg på det, at Beckett slett ikkje er absurd, iallfall ikkje meir absurd enn livet sjølv. Beckett står for den nakne, sjelelege realisme.

– Litt på spissen sett: Becketts teatertekster, med eller nesten utan ord, er dei som framfor noko anna teaterdikting trollar fram *menneket i vår tid*. Eg må ta meg saman for å interessere meg for andre diktarar enn han.

Så er Bjørn òg ein av dei som hos Beckett ser noko bortimot ei lys livstru der andre øygnar berre kolsvart vonløyse.

– Det Beckett gjer, er å flerle illusjonane. Deretter skaper han kosmos av kaos. Orden. Orden – for forvirra, tapte sjeler. Samling i botn.

A propos absurditet. Helst ville eg snakke om denne: I meir enn åtte år har det gått føre seg eit folkemord i det fattige fjelland Afghanistan. Det hadde vore verdt å spørja, om det hadde nytta: Er ein million myrda afghanarar eit slag 3. klasses lik? Er det så mange drepne og torturerte at dei ikkje har krav på omtale? Ein må ty til utanlandsk presse for å lesa om dette brotsverket.

Seier denne intense, stillfarande ex-nomaden, ex-sjømannen, som har vore på loffen i Amerika – Sør-, Mellom-, Nord- i årevis, og i Afrika, som har budd hos indianarar i Mexico i to år og der lært at det er vi som er dei primitive, som dreiv det langt og allsidig i idrett til han bråslutta i 18-årsalderen og sette seg roleg ned og skreiv dikt, som har gjeve ut ei oppsiktvekkjande god diktsamling men berre ei, og vore ein like oppsiktvekkjande dyktig sjef for Rogaland Teater i 10 år, lenger enn nokon annan, så litt er nemnt. Han har studert litteratur og teater ved Universitetet i Oslo og ved amerikanske universitet; han har vore journalist og avisteiknar og har gått gymnastikkskule og teikneskule.

Og har vel stundom drive rovdraft på seg sjølv. Augnevitne kan fortelja at han kunne sitja i dagar og netter utan søvn til dess ei oppgave var fullført – og han var misnøgd.

Når han ikkje arbeider i Oslo, vaglar han seg på Hundvågøy utanfor Stavanger by, der forfedrane dyrka jorda. Der veks 263 tre. Han har talt dei. Og hogg ikkje eitt. Dei skal vera dei einaste tre i landet med egne namn, kvart sitt, gjevne dei av Bjørn døyparen.

Og har no omsett «Les Misérables». Det vil han ikkje seia meir om. Omsetjinga får tala for seg sjølv. Berre dette:

– Her er så mange miserable blant oss. I ei miserabel tid. Og kanskje eit ønske om lykkeleg forsoning mellom ord og tonar.

Seier denne stillfarande ex-vagabonden og loffaren i livet, som no omsider har slått ei rot eller to, på si eiga øy.



VESLE COSETTE

Eg har eit slott i villan sky
Eg plar å gå dit når eg søv.
Finst verken kostar eller støv,
ikkje på slottet Villan Sky.

Der finst ein sal med rare ting
Der finst det hundre andre barn,
ingen som skrik og ropar «fy»,
ikkje på slottet Villan Sky.

Det bur ei dronning kledd i kvitt
Ho er så snill og talar blidt.
Ho er så kjærleg og god mot meg.
Ho syng: «Cosette eg er så glad i deg»

Eg veit ein plass der ingen græt,
ingen er heilt aleine der.
Der er' kje glade barn til bry
ikkje på slottet Villan Sky.







I tillegg til dette programmet kan ein få kjøpt andre Les Misérables-artiklar i bua ved Bistroyen i første planet heile dagen, og frå den «vandrande salskjerra» i andre planet før framsyning og i pausen. Her kan ein få kjøpt:

PROGRAM – PLAKAT – T-SKJORTER
– GENSRAR – KRUS – KNAPPAR –
PLATER – KOMPAKTPLATER –
KASSETTAR – osv.


Les Misérables blir nett no spela i London, New York, Boston, Tokyo, Sidney, Los Angeles, Tel Aviv, Budapest og Oslo. Framsyninga skal opp også i Paris, Stockholm, København, Wien, Barcelona, Madrid, Ankara, Los Angeles, Toronto og Sør-Amerika.

Det Norske Teatret
75 år

1 9 1 3 - 1 9 8 8



UTDRAG FRA
OPPSETNINGEN
I PARIS
(ENKEL)



SCENLP/MC/CD 2

ORIGINALOPPSETNINGEN FRA LONDON
Original London Cast Album
CAMERON MACINTOSH
presents

Les Misérables

"A musical that makes history."



ENCLP/MC/CD 1

Nyheter

GREAT MOMENTS FROM OPERA AND OPERETTA

Raise The Curtain

Great Moments From
Opera and Operetta

Liv Kjersti Knutsen Kjell Magnus Sandve
Stavanger Symphony Orchestra
Gerard Oskamp



ARCD 1926


MUSIKKDISTRIBUSJON AS.





Nina

NINA RICCI




steen & strøm

Palmen, lette retter og forfriskninger til kl. 21.00.



Grand Café, middag/aftens til kl. 23.00.



Limelight Bar til midnatt.

GRAND HOTEL
KARL JOHANS GATE 31, TLF. (02) 42 93 90



Rogalandsdata as


BILLETTSYSTEMER

– ledende innen kulturadministrasjon





FJELLEVENTYRET - 1983



TIL SÆTERS - 1921




TEATERBÅTEN - 1950



SÅ LENGE SKUTA KAN GÅ - 1978



MANNEN FRA LA MANCHA
(Lasse Kolstad) - 1970





WEST SIDE STORY – 1965

SPELEMANN PÅ TAKET – 1987



CATS – 1985



TINGEL TANGEL I NATT – 1959

MUSIKKSPEL, MUSIKALAR OG KABARETAR PÅ DET NORSKE TEATRET

1921	Til sæters	C. P. Riis
1928	Fjellevyret	Bjerregaard/Thrane
1932	Vårmlendingane	Dahlgren/Randel
1933	Fjellevyret	Bjerregaard/Thrane
1941	Fjellevyret	Bjerregaard/Thrane
1947	Heimferd	Gullvåg, H. J. Nilsen/ L. I. Jensen
1947	Fjellevyret	Bjerregaard/Thrane
1949	Oklahoma	Hammerstein/Rodgers
1950	Teaterbåten	Ferber, Hammerstein/Kern
1956	Annie get your gun	D. og H. Fields/Berlin
1958	Oh, mein Papa	Charell, Amstein/Burkhard
1959	Tingel tangel i natt	Prøysen, Toms/Orlog, Amdahl
1960	Oklahoma	Hammerstein/Rodgers
1963	Trost i taklampa	Prøysen, Toms/Ludt
1964	Ai, ai, for ein artig krig	Theatre Workshop
1964	Annie get your gun	D. og H. Fields/Berlin
1964	Dans! Ropte fela	
1965	West side story	Robbins, Laurents, Sond- heim/Bernstein
1965	Frå Oklahoma til West side story	
1966	The King and I	Hammerstein/Rodgers
1967	Knekk	Økland, Solstad, Obrestad, Haavardsholm, Angell
1968	Spelemann på taket	Aleichhem, Harnick, Stein/Bock
1969	Vi to, vi to	Jones/Schmidt
1970	Mannen frå La Mancha	Cervantes, Darion, Dale/Mitch
1971	Zorba	Kazantzakis, Ebb, Stein/Kander
1972	Bør Børson Jr.	Falkberget, Tusberg/Monn-Iversen
1973	Ungen	Braaten, Tusberg/Monn-Iversen
1974	Kjæm du ikveld	Prøysen, Toms/Prøysen, (Monn-Iversen)
1975	Jaques Brel er her i kveld og bur bra i Paris	Brel, Blau, Schuman, Endreson/Brel
1976	Kviskringar i vind	Kuntz/Crane
1976	Jeppe	Holberg, Skagestad/Monn-Iversen
1978	Så lenge skuta kan gå	Taube, Borge/Taube
1980	Når groværet kjem	Prøysen, Toms/Prøysen
1980	Piaf	Pam Gems/div.
1982	West side story	Robbins, Laurents, Sond- heim/Bernstein
1982	Det er jo mitt show	Cryer/Ford
1982	Snart gryn ein morgon	Theodorakis, Selvig/Theodorakis
1983	Balletten på scenen	Agnetha Pleijel (Ernst Rolf)
1984	Send inn ein klovn	Sondheim/Bernstein, Rodgers, Stein
1984	Trost i taklampa	Prøysen, Toms/Ludt
1985	CATS	T. S. Elliot/Lloyd Webber
1987	Spelemann på taket	Aleichem, Harnick, Stein/Bock
1987	Alice lengtar tilbake	Bringsværd/Iberg
1988	Les Misérables	Hugo, Boubllil, Kretzmer/Schönberg

PIAF (Britt Langlie) – 1980

Bevaringssamlingen

Les misérables : ein musikal av Ala



22g040933



Det Norske Teatret
75 år

1 9 1 3 - 1 9 8 8